

Kvartalsrapport

1-2017



SpareBank
HALLINGDAL VALDRES



Kommentarar 1. kvartal 2017

Konsernet

Konsernet si hovudverksemd omfattar følgjande område:

- Bankverksemd
- Eigedomsmekling
- Rekneskapsføring og økonomisk rådgjeving.

Alle desse områda er konsesjonspliktige.

I tillegg driv konsernet med eigedomsutvikling og investeringsverksemd. Den samla verksemda blir utført av morselskapet og 5 heileigde dotterselskap.

Konsernrekneskapan omfattar også to felleskontrollerte verksemdar inn mot SpareBank 1-Alliansen.

Konsernet har eit resultat etter skatt på 34,2 mill. kroner. Dette er 14,3 mill. over resultatet per 1. kvartal i fjor.

Bankverksemda

Bankverksemda blir drive av morbanken SpareBank 1 Hallingdal Valdres. I kvartalet har verksemda hatt 82 årsverk.

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 1. kvartal på 27,2 mill. kroner som svarar til 1,2 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 12,7 mill. over tilsvarande periode i fjor, og ein del betre enn venta på grunn av eingongseffektar omtala nedanfor.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 41,1 mill. kroner og er 2,6 mill. over tilsvarande periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 1 kvartal på 1,82 %. I same periode i fjor var rentenettoen 1,79 %. Det er hittil i år kostnadsført 1,2 mill. i sikringsfondsavgift. Årsavgifta er periodisert slik at dette utgjer ¼ av årleg avgift.

Netto andre driftsinntekter utgjer 29,1 mill. kroner mot 17,9 mill. i same periode i fjor. Den store auken skuldast i hovudsak gevinst ved sal av andelar i aksjefond som åleine utgjer 12 mill. kroner.

Driftskostnadane per 1. kvartal minskar frå 35,2 mill. i fjor til 34,7 mill. kroner i år. Banken gjennomførte i fjor ein ein reduksjon i stillingar gjennom tilbod om sluttpakker. Dette gir no reduksjon i lønnskostnadane, men innføring av finansskatten i form av høgare arbeidsgjevaravgift, meir enn veg opp kostnadsreduksjonen. Så langt i år er kostnaden knytt til høgare arbeidsgjevaravgift på vel 0,7 mill. kroner.

Resultatrekneskapan viser ein netto tapskostnad på -0,1 mill. kroner mot 1,1 mill. i same periode i fjor. Tapskostnaden har hatt ei positiv utvikling dei siste åra og denne trenden ser ut til å halde fram.

Banken har ved utgangen av 1. kvartal ein forvaltningskapital på 9,2 mrd. kroner. Forvaltningskapitalen har ein vekst på 6,2 % siste 12 månader.

Balanseførte utlån samt overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt (Boligkreditt) har ein vekst frå 1. kvartal i fjor på 941,6 mill. kroner eller 10,5 %. Banken har overført bustadlån for i underkant av 2,1 mrd. kroner til selskapet. Dette utgjer 21 % av balanseførte og overførte lån. Samla utlån fordeler seg med 71,0 % til privatmarknaden og 29,0 % til bedriftsmarknaden.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 1. kvartal 63,0 mill. av utlånsvolumet og er ein nedgang frå 72,1 mill. på same tid i fjor. Misleghaldet utgjer med det berre 0,80 % av brutto utlån. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 46,4 mill. kroner. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Innskota ved utgangen av 1. kvartal er på vel 6,7 mrd. kroner, og har ein auke på 615 mill. siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 3,9 mrd. på privatmarknaden og 2,8 mill. innafor bedriftsmarknaden. Rekna i prosent er auken siste 12 månader på 10,0 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalslutt er på 85,8 % mot 86,9 % for eit år sidan.

Banken har per 1. kvartal 1,24 mrd. kroner i eksterne innlån fordelt på 5 obligasjonslån på ca. 1,14 mrd. kroner og eit banklån pålydande 100 mill. kroner. Av innlåna har 367 mill. kroner løpetid på under eit år. Banken har i tillegg til denne finansieringa ein oppgjerskreditt på 40 mill. kroner.

Eigedomsmekling

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS og har 18,1 årsverk. Selskapet har ein leiande marknadsposisjon i Hallingdal og er ein utfordrar i Valdres etter etableringa av kontor i dalføret i 2014.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 1. kvartal på 0,7 mill. noko som er 0,7 mill. under tilsvarande periode i fjor. Driftsinntektene er 0,3 mill. under 1. kvartal i 2016. Så langt i år har selskapet omsett 165 eigedomar mot 169 i same periode i fjor som var rekord for 1. kvartal.

Rekneskap og økonomisk rådgjeving

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS. Selskapet har 48,9 årsverk og er ein betydeleg aktør i Hallingdal og Valdres med kontor i 4 kommunar i Hallingdal og i 2 kommunar i Valdres.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 1. kvartal på 0,2 mill. noko som er 1,4 mill. over tilsvarande periode i fjor. Kjerneverksemda – rekneskapsføring – viser ei positiv utvikling i produksjonseffektivitet og resultat. Selskapet har gjennomført mange tiltak på kostnadssida noko som ein no så smått ser resultatet av.

Andre verksemdar

Konsernet si eigedomsverksemd blir drive av dotterselskapa SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS og SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS.

SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS driv utleige til konsernet sine verksemdar på Gol og i Hemsedal.

SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS eig konsernet sine lokale på Beitostølen og Heggenes, samt «veksthuset» i Hemsedal. Selskapet leiger konsernet sine lokale på Fagernes og Flå samt lokale i Meny-bygget på Gol.

Selskapa leverer eit resultat før skatt per 1. kvartal på -0,3 mill. kroner. Dette er -0,2 mill. svakare enn same periode i fjor. Selskapa har som målsetting å gå om lag i balanse.

Konsernet si investeringsverksemd blir drive av SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. Selskapet har utvikla eit tomtefelt på Flå og har kjøpt ein eigedom på Geilo for vidareutvikling. Resultatet etter skatt per 1. kvartal er på -0,3 mill. kroner, noko som er 0,1 mill. svakare enn same periode i fjor. Resultatutviklinga i selskapet vil i stor grad vere avhengig av framtidig tomtesal.

Felleskontrollert verksemd

Banken eig 7,8 % i kvar av dei felleskontrollerte selskapa Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Desse selskapa er eigd av 10 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank.

Resultatandelen frå desse verksemdene inngår i konsernrekneskapan, i tillegg til morbanken og dotterselskapa, og utgjer 7,0 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 34,2 mill.

Kapitaldekning

Konsernet har ved utgangen av 1. kvartal ei kapitaldekning på 18,69 %. For morbanken er kapitaldekninga på 17,32 %. Kvartalsrekneskapan er ikkje revidert så resultatet hittil i år er ikkje lagt til den ansvarlege kapitalen. Banken har søkt Finanstilsynet opp løyve til å ta opp eit ansvarleg lån for å betre kapitaldekninga. Ved positivt svar frå Finanstilsynet vil låneopptaket kunne gjerast i 2. kvartal.

Framtidsutsikter

Forventningane til Norges Bank og marknaden tilseier minimalt behov for generelle rentejusteringar i 2017 utover den eine som vart gjennomført i februar. Utlånsveksten er venta å ligge rundt 6% i 2017, men her er det større uvisse knytt til utviklinga av bustadprisane som følgje av fleire tiltak frå myndighetene for å få ned veksten. Konkurransen i marknaden er tiltakande og det set rentemarginen under press. Netto rente- og provisjonsinntekter vil ligge litt over fjoråret ved utgangen av året.

SpareBank 1 Gruppen AS leverte eit svært godt resultat pr 1. kvartal og utsiktene er gode for 2017. Det påverkar konsernresultatet i positiv retning.

Det er god kontroll på kostnadene og tapskostnadene forventes å ligge på budsjett ved utgangen i året.

Styret held fast ved ein prognose der konsernet vil levere eit noko betre resultat i 2017 samanlikna med fjoråret.

Hallingdal, 31.03.17/10.05.17

Kjell Vidar Bergo Kristin Ourom Sissel Bjørøen Vidar Isungset
styreleiar nestleiar

Odd Holde Tore Østlund Gro Lundby Ellen Intelhus

Knut Oscar Fleten
adm. banksjef

Resultatrekneskap 1. kvartal 2017 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 16	1. kv. 16	1. kv. 17	31.03.16	31.03.17		31.03.17	31.03.16	1. kv. 17	1. kv. 16	Året 16
263 383	66 178	67 277	66 178	67 277	Renteinntekter og liknande inntekter	66 901	65 485	66 901	65 485	260 775
106 402	27 736	26 136	27 736	26 136	Rentekostnader og liknande kostnader	26 322	27 709	26 322	27 709	106 359
156 981	38 441	41 141	38 441	41 141	Netto rente- og provisjonsinntekter	40 579	37 776	40 579	37 776	154 416
26 808	-413	-139	-413	-139	Utbytte og andre innt.av verdipapir med variabel avk.	7 187	5 491	7 187	5 491	42 924
71 947	17 872	18 015	17 872	18 015	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	18 015	17 872	18 015	17 872	71 947
6 103	1 445	1 640	1 445	1 640	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	1 640	1 445	1 640	1 445	6 103
8 402	1 205	11 952	1 205	11 952	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	11 952	1 205	11 952	1 205	8 402
2 727	670	883	670	883	Andre driftsinntekter	20 907	20 437	20 907	20 437	71 823
103 781	17 887	29 070	17 887	29 070	Sum andre inntekter	56 421	43 560	56 421	43 560	188 993
260 762	56 329	70 211	56 329	70 211	Sum driftsinntekter	97 000	81 336	97 000	81 336	343 409
76 546	18 466	18 411	18 466	18 411	Personalkostnader	32 776	33 280	32 776	33 280	129 117
37 262	9 320	8 772	9 320	8 772	Administrasjonskostnader	8 509	9 261	8 509	9 261	36 739
4 441	1 101	1 013	1 101	1 013	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	3 122	3 025	3 122	3 025	12 612
27 848	6 277	6 482	6 277	6 482	Andre driftskostnader	9 903	9 184	9 903	9 184	40 317
146 097	35 163	34 678	35 163	34 678	Sum driftskostnader	54 310	54 750	54 310	54 750	218 785
114 665	21 165	35 533	21 165	35 533	Resultat før tap	42 690	26 586	42 690	26 586	124 624
9 148	1 136	-98	1 136	-98	Tap på utlån, garantier mv	-98	1 136	-98	1 136	9 148
-12 170	0	-27	0	-27	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	-27	0	-27	0	2 418
117 687	20 029	35 658	20 029	35 658	Resultat etter tap	42 815	25 450	42 815	25 450	113 058
19 655	5 550	8 500	5 550	8 500	Skatt på ordinært resultat	8 569	5 543	8 569	5 543	18 553
98 032	14 479	27 158	14 479	27 158	Resultat av ordinær drift etter skatt	34 246	19 907	34 246	19 907	94 505
98 032	14 479	27 158	14 479	27 158	Resultat	34 246	19 907	34 246	19 907	94 505

Nøkkeltal

MORBANK	1. kv. 17	1. kv. 16	Året 16	Norm 16 *
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,82	1,79	1,76	1,81
Driftskostnader i % av driftsinntekter	49,39	62,43	56,03	50,02
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,54	1,64	1,64	1,31
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	13,28	7,68	10,64	11,70
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	10,11	5,55	8,86	9,37
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	11,51	1,79	8,43	9,46
Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (1000 kr)	2 094 988	2 006 929	2 092 551	
Utlånsvekst i % siste 12 md. inkl. overført Boligkreditt	10,47	6,77	8,95	10,52
Innskotsvekst i % siste 12 md.	10,07	2,28	10,04	7,93
Innskot i % av brutto utlån	85,00	86,90	85,82	83,73
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 md.	85,78	-1,29	5,67	8,31
Likviditetsreserve i % (LCR)	82,00	156,00	95,00	148,00
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	991 159	914 270	984 146	
Kapitaldekning i %	17,32	16,10	17,42	19,77
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)	8,96	9,63	9,19	
Eigenkapitalprosent	12,53	12,34	12,44	10,72
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,59	0,65	0,60	0,58
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,00	0,02	0,12	0,14
KONSERN				
	1. kv. 17	1. kv. 16	Året 16	Norm 16*
Likviditetsreserve i % (LCR)	105,00	190,00	112,00	
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	1 116 010	1 034 796	1 084 713	
Kapitaldekning i %	18,69	17,46	18,49	19,03
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)	10,15	10,74	10,08	

* Bygges på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner.

Dotterelskap Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINTEKTER	31.03.17	31.03.16	Endring	RESULTAT FØR SKATT	31.03.17	31.03.16	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	9 441	9 701	-260	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	685	1 414	-729
SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	1 937	1 660	277	SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	-30	212	-242
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	1	1	0	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-273	-145	-128
SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	11 034	10 550	484	SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	183	-1 224	1 407
SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	1 386	1 291	95	SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	-278	-284	6
Sum	23 799	23 204	595	Sum	287	-28	315

Balanse per 31. mars 2017

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.16	31.03.16	31.03.17	EIGEDELAR	31.03.17	31.03.16	31.12.16
71 508	74 643	66 152	Kontantar og fordringar på sentralbankar	66 152	74 672	71 508
359 568	575 582	362 284	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	362 296	425 109	359 583
7 685 355	7 028 937	7 837 978	Brutto utlån til og fordringar på kundar	7 737 481	6 992 580	7 582 727
-10 157	-14 519	-10 091	- Individuelle nedskrivningar	-10 091	-18 065	-10 157
-36 300	-31 200	-36 300	- Gruppevise nedskrivningar	-36 300	-30 000	-36 300
7 638 898	6 983 218	7 791 587	Netto utlån til og fordringar på kundar	7 691 090	6 944 515	7 536 270
14 246	16 082	6 846	Overtekte eignedelar	6 846	19 299	14 246
416 042	439 116	402 692	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	402 692	463 337	416 042
428 100	449 892	438 389	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	438 709	439 158	428 419
51 552	51 552	51 552	Eigarinteresser i tilknytt selskap	172 007	153 460	148 878
47 959	37 928	47 666	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-	-
4 560	7 051	4 560	Immatrielle eignedelar	8 006	19 866	8 548
15 455	16 134	14 727	Varige driftsmidlar	113 202	103 782	113 853
5 006	12 726	5 673	Andre eignedelar	28 137	25 997	26 103
21 224	24 207	36 294	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	64 685	52 536	45 835
9 074 118	8 688 129	9 228 423	Sum eignedelar	9 353 822	8 721 731	9 169 285
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
100 000	100 000	101 364	Gjeld til kredittinstitusjonar	101 364	100 000	100 000
6 595 457	6 108 025	6 723 147	Innskot frå og gjeld til kundar	6 704 951	5 964 777	6 580 720
1 140 288	1 306 522	1 140 447	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 140 447	1 326 115	1 140 288
72 452	52 358	59 215	Anna gjeld	63 674	46 533	73 774
13 976	27 791	25 793	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	35 614	83 826	22 026
23 086	21 627	22 440	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	27 822	38 053	24 819
7 945 259	7 616 323	8 072 406	Sum gjeld	8 073 872	7 559 304	7 941 627
805 700	805 700	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	805 700	805 700
11 581	11 581	11 581	Overkursfond	11 581	11 581	11 581
1 176	1 176	1 176	Kompensasjonsfond	1 176	1 176	1 176
818 457	818 458	818 458	Sum innskote eigenkapital	818 457	818 457	818 457
197 561	132 867	197 561	Utjamningsfond	197 561	82 820	197 561
101 802	92 965	101 802	Grunnfondskapital	101 802	90 167	101 802
11 039	13 039	11 039	Gåvefond	11 039	11 089	11 039
-	-	-	Fond for vurderingsulikeheter	120 455	87 316	97 326
-	-	-	Anna eigenkapital	-3 608	-	1 473
310 402	238 870	310 401	Sum opptent eigenkapital	427 249	271 392	409 201
-	14 479	27 158	Resultat hittil	34 245	72 578	-
1 128 859	1 071 807	1 156 017	Sum eigenkapital	1 279 951	1 162 427	1 227 658
9 074 118	8 688 129	9 228 423	Sum gjeld og eigenkapital	9 353 823	8 721 731	9 169 285
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
601 153	670 344	600 359	Betinga forpliktingar	600 359	670 344	601 153

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
MISLEGHALDNE LÅN	1. kv. 17	1. kv. 16	Året 16
Brutto misleghaldne lån	62 960	72 067	68 195
- individuelle nedskrivning	8 711	13 834	10 016
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	54 249	58 233	58 179
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	1 186	1 372	1 617
- individuelle nedskrivning	1 167	886	141
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	19	486	1 476
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR			
Endring gruppenedskrivning	-	1 200	6 300
Endring individuell nedskrivning	1	-	-4 963
Konstatert tap i perioden	173	-	12 188
Inngått på tidl.konst. tap	-272	-64	-4 377
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	-98	1 136	9 148

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Kontor: Geilo, Ål, Gol, Hemsedal,
Fagernes, Heggnes og Beitostølen

SpareBank
HALLINGDAL VALDRES

